

Når ein av dine næraste går bort ...

Gravferd

I denne brosjyren tek vi for oss nokre av oppgåvene som må gjerast når ein av dei næraste døyr.

I første omgang

Eit gravferdsbyrå kan ta hand om alle praktiske gjeremål i samband med dødsfallet. Pårørande kan sjølv avgjera om dei vil bruka eit byrå til heile eller deler av gravferda. Det er også mogleg å ta seg av alt sjølv.

Gravferd eller kremasjon?

Om ikkje den avdøde sjølv har hatt eit ønske når det gjeld gravferd eller kremasjon, er det dei pårørande som må ta stilling til dette.

Tidspunkt og stad

Ifølgje gravferdslova skal både gravlegging og kremasjon skje innan 10 virkedagar etter dødsfallet. Askeurna må setjast ned innan seks månader. Pårørande må sjølv ta kontakt med kyrkjekontoret for å avtala tidspunkt for nedsetting av urne.

Seremoni

I dei fleste tilfella skjer planlegging av seremonien saman med presten, gravferdsbyrå og pårørande. Seremonien treng ikkje skje i kyrkja, men dei fleste vel å bruka eit av kyrkjebygga våre. Bedehus og andre forsamlingshus kan også leigast til seremonien.

Etter gravferda

Det er vanleg at blommar og kransar blir liggjande ei stund på nye graver i tida etter gravferda. Men vør og vind påverkar kor lenge blommar og anna kan bli liggjande før det visnar og blir øydelagt. Det er dei pårørande som har ansvar for å fjerna dette. Viss ikkje dette blir gjort innan rimeleg tid, vil dei som arbeider på kyrkjegarden rydda dette bort.

Oversikt over gravstader som forvalta av Strand, Hjelmeland og Forsand Kyrkjelege Fellestråd:

Strand

Idso kyrkjegard

Voster kyrkjegard

Strand kyrkjegard

Langeland kyrkjegard

Forland gravlund

Sandanger gravplass

Josensfjorden gravplass

Vormedalen gravplass

Hjelmeland kyrkjegard

Fister kyrkjegard

Årdal kyrkjegard

Hjelmeland:

Josneset gravplass

Oye gravplass

Forsand

Forsand kyrkjegard

Ansvarleg for grava (festar)

Personen som har ansvar for grava kallar me gjerne for festar. Festaren har både rettar og plikter i høve til grava, og skal mellom anna syta for at grava vert halden i hevd og betala festeavgifta som gjeld til ei kvar tid.

Feste av grav

Det er mogleg å velja enkel-, feste- eller urnegrav. Nye enkel- og urnegraver er frigraver. Det betyr at ein ikkje betaler avgift i fredingstida som er på minst 20 år. Når nokon dør, er det høve til å reservera ei grav ved sida av den som skal gravleggjast. Den som står som festar av ei reservert grav, må vera ein namngitt person. Festeavgifta blir i Strand og Forsand betalt for reserverte graver frå første gravlegging. I Hjelmeland blir det ikkje kravd festeavgift før etter 20 år. Etter at fredingstida er gått ut, må det betalast festeavgift for begge gravene. Festeavgifta blir betalt kvart femte år

Sletting og gjenbruk av graver


Graver der fredingstida er gått ut, og som ikkje er ønskt festa, kan slettast og brukast på nytt av kyrkjegardsmyndigheitene. Står det gravstein på grava, vil den bli fjerna og oppbevart i eit halvt år før den blir destruert.

Fredingstid

Fredingstida i Strand varierer frå 20 år til 30 år, alt etter kva gravplass som er nytta. Det er same fredingstid både for kiste- og urnegrav på dei ulike gravplassane. I Hjelmeland er det på same måten. Fredingstida på gravplassane i Forsand er 40 år for kistegraver og 20 år for urnegraver.

Gravminne

Kvar gravstad kan i utgangspunktet berre ha eitt gravminne – uansett om gravstaden har ei eller fleire graver. Det skal stå namn og datoar på gravminnet. Kanten rundt må vera i tre deler, i flukt med bakken og i naturstein. For graver i skråterreng, er det av vedlikehaldsomsyn ikkje høve å ha kant rundt. Det kan også monterast bedplater føre gravminne. Det er bestemte mål for storleiken på gravminne og plantefelt.



DEN NORSKE KYRKJA

Strand, Hjelmeland og Forsand kyrkjelege fellestråd

Strand kyrkjeleg fellestråd

Besøksadresse: Fjelltunvg.3, Jørpeland
Postadresse: P.b. 188, 4126 Jørpeland
Telefon: 5174 1130 - Faks: 5174 1131
kyrkja@strand.kommune.no
www.strand.kyrkja.no



Hjelmeland kyrkjeleg fellestråd

Kyrkjekontoret
4130 Hjelmeland
Tlf. 40439240
kyrkjeverje@hjelmeland.kyrkja.no
www.hjelmeland.kyrkja.no



Forsand kyrkjeleg fellestråd

Forsand kyrkjelyd
Kommunehuset, 4110 Forsand
Telefon: 51700170
kyrkjekontoret@forsand.kommune.no
www.forsand.kyrkja.no

